

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Vår dato: 10.04.2019
Vår ref.: 201902399-2
Arkiv: 317
Dykkar dato: 25.02.2019
Dykkar ref.: 5122401

Sakshandsamar:
Randi Holme
22959518/rho@nve.no

Industrivassforsyning til Mongstad - Godkjenning av detaljplan for miljø og landskap for fase 1 av tiltaket – Lindås kommune

Vi viser til søknaden dykkar om godkjenning av detaljplan for miljø og landskap for fase 1 ved Mongstad industrivassforsyning. Vi viser til supplerande opplysningar i e-postar datert 08.04.2019.

Vedtak

NVE godkjenner detaljplan for miljø og landskap datert 25.02.2019 for fase 1 for bygging av industrivassforsyning til Mongstad i Lindås kommune.

Vilkår for godkjenninga

- Vassforsyningsinteressene ved Eidsvatn skal ikkje påverkast negativt i anleggs- og driftsperioden.
- Det skal sendast inn ein plan for istandsetjing av boregropa så snart som råd.
- De skal orientere oss om når anleggsarbeidet tek til og når anlegget blir sett i drift. Vi skal og orienterast ved viktige eller kritiske fasar.

Detaljplan for miljø og landskap må vere i samsvar med dei vilkår og føresetnader som går fram av konsesjonen med notatet «Bakgrunn for vedtak» 3/2015. Vi kan krevje fleire detaljar for alle delar av tiltaket. Slike planar skal godkjennast av oss før arbeida vert sette i gang.

Godkjenninga har heimel i konsesjonen datert 12.01.2015 post 4.

Tilsyn og kontroll

NVE kan følge opp anlegget med tilsyn og kontroll.

Anlegget er både for planlegging, bygging og drift underlagt krav om internkontroll etter forskrift om internkontroll etter vassdragslovgjevinga (FOR 2011-10-28 nr. 1058 IK-vassdrag). Ved tilsyn på anlegget vil vi kontrollere at de har etablert eit internkontrollsystem etter forskrifta.

Vår handsaming av søknaden

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

NVE ga konsesjon til industrivassforsyning til Mongstad 12.01.2015. Vedtaket vart klaga på, og 08.03.2016 avgjorde OED at klagen ikkje vart teken til følgje. I brev datert 24.08.2018 godkjende NVE søknad om planendring, og 06.03.2019 vart byggefristen forlenga.

Konsesjonen omfattar regulering av Langavatn og Austrevatn, i tillegg til auka regulering i Eidsvatn og Tykkhellervatn. I konsesjonen er det sett vilkår av omsyn til storlom, sjøaure og ål.

Gjennomføring av arbeida er delt i to fasar. Fase 1 omfattar etablering av ny inntaksleidning i Eidsvatn som skal koplust på eksisterande pumpestasjon i Fjellangerpollen. Fase 2 vil omfatte nye demningar i Tykkhellervatn og Langavatn og nye pumpestasjonar med tilhøyrande pumpeleidningar.

Detaljplanen

Søknaden vi har motteke gjeld fase 1 i prosjektet, ny inntaksleidning frå Eidsvatn til eksisterande pumpestasjon i Fjellangerpollen. Tiltaket medfører ikkje auka vassuttak frå Eidsvatn, eller at den auka reguleringa det er gitt løyve til vert teken i bruk. Tiltaket vert gjort for å sikre vassforsyninga til dagens anlegg.

Omsyn til storlom: Det er viktig å unngå store variasjonar i vasstanden sidan dette kan påvirke hekkesuksessen til storlom. Difor er det sett vilkår om å etablere hekkeflåtar i Eidsvatnet. Fase 1 i arbeidet gir ingen endring i vassuttaket eller i reguleringa av Eidesvatnet. Søkjar opplyser at hekkeflåtar vert utgreidd i fase 2 av prosjektet når endring av reguleringa i Eidsvatnet vert teken i bruk.

Omsyn til ål: I konsesjonen er det sett vilkår om at ålen si vandring opp og ned i vassdraget skal takast i vare. På veg ut av vassdraget kan ål vere sårbar for å hamne i inntaket til overføringsleidningane. Det er difor sett vilkår om at alle inntaka skal vere ålesikre. Det er opplyst i detaljplanen at det vert montert inntakssil på inntaksleidningen i Eidsvatn for å hindre at ål og annan fisk kjem inn i leidningen. Det vert ikkje gjort tiltak i eksisterande overløp i Eidsvatnet. Tilhøve som gjeld opp og nedvandring for ål vert soleis ikkje endra.

Omsyn til sjøaure: Det er sett vilkår om at sjøaure skal kunne passere den planlagde dammen ved utløpet frå Langavatnet. Det vert ikkje gjort arbeid i Langavatnet i fase 1 av prosjektet, og avbøtande tiltak vert følgde opp i fase 2.

Detaljplanen for fase 1 er innafør råma som er gitt i konsesjonen. Med bakgrunn i dette er ikkje detaljplanen sendt på høyring av NVE.

Vurdering av flaum og skredfare

Flaum og skredfare er omtalt i detaljplanen, og det er opplyst at dette ikkje er relevant for arbeida som skal gjennomførast. Jamfør NVE sine farekart ligg Eidsvatn i eit aktsemdsområde for flaum. Vi viser til krava i TEK 17 som må oppfyllest.

Tiltaksområdet ligg ikkje i aktsemdsområde for skred.

Vurderingar etter naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 7 set krav om at alle myndigheiter som forvaltar, eller tek avgjerder, som har verknader for naturen, er plikta å vurdere tiltaka opp mot relevante reglar i lova.

Saka er nyleg opplyst gjennom konsesjonshandsaming, og der er naturmangfaldlova kapittel II vurdert. Desse er tilstrekkelig oppdaterte og dekkande for godkjenning av detaljplanen. NVE har difor ikkje føreteke nye vurderingar av tiltaket som heilskap etter prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12. Vi viser til vurderingane i konsesjonsprosessen.

Forhold som de må avklare før arbeida kan ta til

Plan- og bygningslova

De må avklare med kommunen om tiltaket må ha dispensasjon frå gjeldande arealplan. Dette fordi det må vere i samsvar med kommuneplanen sin arealdel og gjeldande reguleringsplanar. Dette gjeld sjølv om tiltaket har fått konsesjon, og dermed er unnateke frå byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova, jf. forskrift om byggesak (FOR 2010-03-26-488 - byggesaksforskrifta) § 4-3 første ledd.

De må og syte for at tiltaket blir gjennomført i samsvar med plan- og bygningslova og tilhøyrande forskrifter. Dette gjeld særleg reglane i plan- og bygningslova om tekniske krav (§ 29-5), og krav til produkt til byggverk (§ 29-7) med tilhøyrande delar av byggt teknisk forskrift. Desse gjeld så langt dei passar for tiltaket.

Naturførekomstar, landskapsområde og kulturminne

De må avklare verknadene av tiltaket i forhold til krava i post 3 om konsesjonæren sitt ansvar ved anlegg/drift og post 6 om kulturminne. Krava gjeld både i forkant av, og under anleggsperioden.

Privatrettslege rettigheter

De må ha avklart alle nødvendige privatrettslege rettigheter før anleggsarbeida tek til.

Nødvendige godkjenningar etter anna lovverk

De må innhente nødvendige godkjenningar etter anna lovverk. Dette kan til dømes gjelde lov om ureining.

Det skal sendast inn dokumentasjon til Lindås kommune når anlegget er ferdig bygd

Når anlegget er ferdig bygd, skal de sende kartdata i eigna format med alle fysiske anlegg til Lindås kommune, slik at kartdata kan gjerast tilgjengeleg på ein enkel måte, jf. byggesaksforskrifta § 4-3 fjerde ledd.

Høve til å klage

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jamfør forvaltningslova kapittel VI. Retten til å klage er avgrensa til partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkjar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerer råka interesser).

Ei eventuell klage skal grunnjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing

Ingunn Åsgard Bendiksen
Direktør

Mari Hegg Gundersen
seksjonssjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

